



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2016-2017

SKULE: Sagstad skule

| <i>Nøkkeltal GSI .2016-17</i> | | |
|--|---------|----------------|
| | Tal | Evt. kommentar |
| Elevtal skule | 393 | |
| Elevtal SFO | 145 | |
| Tal lærarar | 38 | |
| Årsverk ped. Personale | 33,97 | |
| Assistentar, årsverk | 9,26 | |
| Årstimar utført av undervisningspersonale | 22496 | |
| Årstimar gitt til ordinær undervisning | 16036 | |
| Lærartimar til spesial-undervisning §5-1 | 4028 | |
| Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør | 100/100 | |

| <i>Læringsmiljø</i> | | |
|---|--|---|
| Tema | Mål/tiltak | Resultat/vurdering |
| Elevundersøkinga (Udir) | | Sagstad skule har framleis gode tal på elevundersøkinga. Samla sett ligg ein på same nivå som skuleåret 2014/2015 og 2015/2016. Dersom ein berre ser på tala som er offentlege og berre viser 7. trinn, kan det sjå ut som om skulen har ei lita tilbakegang på fleire område. Ser ein på tala samla for 5.-7. trinn ligg skulen stabilt. |
| Oppfølging mål/tiltak frå prosjekt «Betre | Satsingsområda frå Betre Læringsmiljø vert vidareført. - klasseleiing | Dette skuleåret har hovudfokus vèt på læringstrykk, og vi har jobba mykje med |

| | | |
|--|---|---|
| læringsmiljø» | <ul style="list-style-type: none"> - relasjonar - reglar og konsekvensar - læringstrykk | kompetanseheing i personalet for å få til dette. Denne kompetansehevinga består i opplæring i Leselosmetodikk, og arbeid med opplæringspakkane i «Språkløyper» Skulen har og kursa personalet i bruk av «Vokal» for å vurdere læringutbyttet til elevane. |
| Anti-mobbearbeid (Zero- plan og miljøfremjande arbeid) | Det overordna målet er ein nullvisjon når det gjeld talet på elevar som opplever at dei vert mobba. For å nå dette har vi arbeidd med kompetanseheving i personalet og revidering av handlingsplan mot mobbing. | Handlingsplanen er vedtatt i SU og er i aktiv bruk. Resultatet frå elevundersøkinga skuleåret 2016/2017 visar at talet på elevar som opplever seg mobba er ganske likt som året før, men høgare enn vi ønskjer. Handlingsplanen skal gjennom ei stor revidering hausten 2017. Skulen sitt zero-arbeid er regelmessig tema på skulen sine personalmøter. |
| Trivselsprogrammet | Vidareføre trivselsprogrammet | Trivselsprogrammet er ein viktig del av skulen sitt førebyggjande arbeid mot mobbing. Det at alle elevane har noko å gjere på i friminutta trur eg medverkar til at trivselen til elevane på Sagstad er høg. Trivselsprogrammet er og viktig i høve til regelmessig fysisk aktivitet. |
| Fysisk skulemiljø inne | | Skulen har hatt ein del utfordringar knytt til fysisk skulemiljø inne. I samband med utbygginga av skulen har 8 klassar vært igjen på skulen og 11 klassar vært i brakker ved Meland aktiv. Skulen har hatt vanskar med nok grupperom til alle elevane som treng det, og vi har hatt fleire klasserom der ventilasjon ikkje har fungert tilfredstillande. Desse problema er i hovudsak knytt til temperaturreguleringa i klasseromet. Skulen har i tillegg hatt ei sak det det er bedt om tiltak knytt til inneklimaet i eit klasserom oppe på skulen. Der blei det avdekka ei feil i ventilasjonen som medførte at tilluften til klasseromet var for liten. Feilen |

| | | |
|-----------------------|-----------------------------------|--|
| | | er no utbetra. |
| Fysisk skulemiljø ute | Utearealet på skulen må utvidast. | Skulen har i byggeprosessen nytta Meland aktiv som skuleplass. Det har fungert bra, men det går vekk mykje tid på forflytning for dei elevane som måtte opp og ned. Utbygginga tar ein stor del av ein allereie for liten skuleplass, slik at det haster med å få til ei utviding av utearealet på skulen. |

Arbeid for å styrke eleven sitt læringsutbytte

| Tema | Mål/tiltak | Resultat/vurdering |
|-------------------------|---|--|
| Undervegsvurdering | Alle føresette skal ha tilgang til undervegsvurdering i Visma Flyt | Skulen brukar Visma Flyt skole til skriving av vurderingar til utviklingssamtalane. Desse vurderingane er tilgjengelege for føresette og det er formidla ei forventning om at føresette har lese gjennom vurderinga før utviklingssamtalen. For oss har dette vore positivt og ein har fått meir ro rundt samtalen ettersom ein ikkje må formidle mykje informasjon på veldig kort tid. Lærarane har ein instruks i høve til korleis vurderingane skal skrivast. I forkant av utviklingssamtalane nyttar vi eit personalmøte til å drøfte forbedringar i personalet. |
| Sluttvurdering | | |
| Leksehjelp | Dette skuleåret har 4.-7. klasse hatt tilbod om leksehjelp 2 timar i veka. | Skulen har hatt 23 elevar som har gått på leksehjelp. Vi ser at med denne ordninga er det fleire av dei elevane som verkeleg treng leksehjelp som nyttar seg av tilbodet. Talet er optrent på same nivå som i fjor. |
| Særskilt språkopplæring | Målet med særskilt språkopplæring er at elevane skal kunne følge ordinær opplæring. | Skuleåret 2016-2017 har skulen hatt 17 elevar som har hatt særskilt språkopplæring. Skulen har til saman brukt 25 timar i veka på dette elevane. Fleirtalet av desse elevane har flyktningebakgrunn. |
| Spesialundervisning | Målet med spesialundervisninga er at elevane som får det får eit likeverd opplæringstilbod. Skulen har og som mål å styrke det ordinære opplæringstilbodet, og samtidig redusere talet på elevar med spesialundervisning. | Talet på elevar med spesialundervisning har gått ned frå 37 til 33, samtidig som elevtalet ved skulen aukar. Dette har vore tema på fleire personalmøte og er noko vi jobbar med å endre. Vi har for skuleåret 2016/2017 styrka norsk og matematikk med ein ekstra pedagog på kvart trinn for på sikt å kunne redusere talet på elevar med spesialundervisning. Prosessen med å redusere talet på elevar som får spesialundervisning ytterlegare har blitt jobba med i personalet, og i eit tett samarbeid |

| | | |
|--|--|---|
| | | med PPT gjennom store delar av skuleåret. |
| Lokalt læreplanarbeid | | Lokale læreplanar reviderast kvar haust. Nokre trinn treng nye planar for skuleåret 2017/2018. |
| Realfagsprosjekt | Utviklingsgruppen har kommet frem til følgjende tiltak for arbeidet: <ul style="list-style-type: none"> • Kreativitet og problemløysing • Undering og utforsking | Skulen har to engasjerte lærarar som er med i realfagsnettverket. Dei har prøvd ut ulike småprosjekt i eigen klasse. I tillegg har vi gjennomført ei realfagsveke med fokus på punkta nemnt ved sidan av. Det vil å gjennomføre skuleåret 2017/2018 og. |
| Lesing | Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing. | Skulen har jobba med analyse og oppfølging av kartlegging. I samband med dette nyttar skulen Conexus engage (tidlegare Vokal) i arbeidet og har tatt verktøyet i bruk på alle trinn. Skulen har gjennom heile året hatt regelmessige drypp frå Leselos og er og i gang med opplæringspakkane i «Språkløyper» |
| Digital ferdigheit <ul style="list-style-type: none"> - Tileigne og behandle - Produsere og bearbeide - Kommunisere - Digital dømmekraft | Implementere IKTPlan.no | Skulen har hatt som mål å ta i bruk IKTPlan.no. Det målet nådde vi ikkje. IKTPlan er no timeplanfesta på personalmøter i haust. |
| Digitalt utstyr | Skulen ønskjer å vere rundt landsnittet når det gjeld elevar pr. pc. Bærpar pc til alle tilsette. Kunnskap om bruk av digitale verktøy i skulekvardagen. | Skulen fekk hausten 2014 kjøpt inn eit klassesett med bærpare pcar. Vi har nå to sett. Vi bør på sikt kjøpe to sett til. Med dagens status kan kvar klasse nytte pc rundt to timar i veka. Alle lærarar har eigen bærbar pc. Skulen driv noko intern opplæring i bruk av verktøya lærarane treng på Sagstad skule. Alle klasserom har digital tavle. |

Faglege resultat

| Tema | Mål/tiltak | Resultat/vurdering |
|------------------|---|--|
| Nasjonale prøvar | Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015 Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i rekning | Samanlikna med skuleåret 2015/2016 ser ein at fleire elevar presterer over meistringsnivå 1 i både lesing og rekning. Samstundes ser vi at vi må jobbe meir med å løfte fleire elevar frå nivå 2 til nivå 3. Skulen har dei siste åre gjort fleire endringar i høve til opplæringa på skulen, som vi voar å sjå enda betre effekt av i åra som kjem. |
| Eksamen | | |
| Grunnskulepoeng | | |

Kompetanseutvikling

| Tema | Etter- og vidareutdanning | Kommentar på korleis kompetanse ver brukt vidare |
|----------------|--|---|
| Leiar | | |
| Pedagogar | Skulen har hatt 8 lærarar på vidareutdanning skuleåret 2016/2017. Det er ønskjeleg å få vidareutdanna lærarar kvart år for å oppfylle krava til undervisningskompetanse. | Skulen ser det som viktig at vi får fagleg påfyll i høve til ny og forskningsbasert kunnskap og elevane si læring i dei prioriterte faga. |
| Andre tilsette | Målet er at alle skal ha den kompetansen dei treng for å meistre jobben sin. | Skulen klarer i stor grad å sende tilsette på kurs ut frå dei kompetansekrava dei møter i kvardagen sin. |

Vurdering av andre område

| Tema | Mål/tiltak | Resultat/vurdering |
|---|---|---|
| Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.) | Skulen har mål om eit godt samarbeid med eksterne samarbeidspartar. | Ingen merknader. |
| Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte) | Skulen legg opp til eit godt samarbeid med heimen. | Vi har fokus på skule-heim samarbeid på foreldremøtet om hausten. Om våren har vi fokus på mobbing, i eit tett samarbeid med FAU. |
| Rådsorgan ved skulen. | | Skulen har eit godt samarbeid med FAU. SU/SMU har regelmessige møter. |
| Undervisning på alternativ | | Skulen har hatt to elevar på alternativ opplæringsarena. |

| | | |
|------------------|--|--------------------------------|
| opplæringsarena. | | Samarbeidet der fungerer godt. |
|------------------|--|--------------------------------|

| Skulefritidsordninga | | |
|-----------------------------|-------------------------------|---|
| Tema | Mål/tiltak, aktivitet | Resultat/vurdering |
| Fysiske tilhøve | | SFO lokala er for små. Skulen nyttar klasserom for å ha nok areal. Liten plass gjev oss og utfordringar i høve til mat for borna. Det er ikkje tenkt utviding av SFO i samband med utbygging. |
| Personalsituasjon | Målet er 1 vaksen pr 16 born. | Personalsituasjonen på SFO er grei. |
| Samarbeid SFO og skule | | Skule og SFO har eit godt samarbeid. |

| Skulane sitt kontrollarbeid | | |
|---|--|--|
| Tema for kontroll på skulen | Lovbrot | Tiltak |
| | Særskiltspråkopplæring og krav om kartlegging. Elever får ikkje opplæring i det språket dei har krav på. Mangel på rett fagkompetanse/personell og ressurser til å tilsette. | Skulen har fått overført midler frå flyktingefondet og lovbrottet vert ansett som retta. |
| | | |
| Områder klage (tema) | Antall | |
| Ingen klager siste skuleår. | | |
| | | |
| Risikoområder | Tiltak | |
| Varslar dei tilsette skoleleiinga når dei får kjennskap/mistanke om krenkjande ord eller handlingar | Rektor vil følgje opp aktuelle lærere og team. | Ok. Lærere er blitt bed re til å varsle. Sju vedtak 2016 - 2017. |
| Vurdering for læring – «Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?» | | Skulen scorer over nasjonalt nivå på denne delen i elevundersøkinga. |
| Sikrar skoleleiinga at dei tilsette | Edringar i opplæringslova §9a er gjennomgått på planleggingsdag i | |

| | | |
|---|---|---|
| <p>informerer foreldre og elevar om at dei kan be om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet?</p> | <p>august 2017. Skulen har informert via heimesida, og kjem og til å ha dette som tema på foredremøte haust 2017.</p> | |
| <p>Sikrar skoleleiinga at skoleutvalet, FAU og SU blir løpande orientert om hendingar, planar, enkeltvedtak og andre tilhøve som har mykje å seie for det psykososiale miljøet?</p> | | <p>Ok. Fast tema på sakslista i Skulemiljøutvalg. Talet på vedtak og innhold blir gjennomgått, inkludert fysiske tilhøve i elevmiljøet.</p> |

Dato: 31.08.2017

Underskrift rektor: Magne Lædre (s)